

Handlingsplan for kystlynghei i Rogaland – utvalde område

Rogaland er med klar margin det fylket som har registrert mest kystlynghei, denne er i høg grad svært viktig(A). Det er samstundes det største husdyrfylket der ein vesentleg del av husdyra kan nyta slike utmarksbeite. Kystlyngheiane er sterkt trua av vindkraftutbygging, oppgjødsling, oppdyrkning, nitrogennedfall og tilgroing. Aktiv skjøtsel (beiting og brenning) er avgjerande for å stoppa tilgroing, men truleg og eigna til å dempa negative verknader av nitrogennedfallet. Det hastar derfor med å koma ut med å stimulera og motivera til å ta vare på, bruka og skjøtta desse heiane.

Fylkesmannen har i samråd med skjøtselsgruppa for kulturlandskap i fylket vald ut 4 større kystlyngheimråde som ein vil prioritera i handlingsplanen for kystlynghei i Rogaland. Ein har lagt stor vekt både på reint naturfaglege kriterium som verdi for trua artar som klokkesøte og hubro. Det er også lagt vekt på utsiktene til å ta vare på større område og kvar det er størst behov for aktiv stimulering for å koma i gang med omfattande skjøtsel. Nr 1 og 3 er framheva i det nasjonale fagunderlaget for Handlingsplan for kystlynghei (HPK) utarbeidd av Lyngheisenteret og Universitetet i Bergen.

1. Sør-Karmøy

Omfattar områda i Naturbase sør for Blikshavn ([Blikshavn-Hovdastad-Dale-Tjøstheim](#)), sør for Burmavegen vest for dette([Natterhuksmyr-Ytre Holmavatn](#)) og rundt Mjåvatn og Reiarsvatn ([Sør-Stokke –Blikshavn-Mjåvatn](#)). Det første området er peika ut som referanseområde i fagunderlaget for HPK, omtalt som "Blikshavn/Dale" Området nord for Burmavegen og vest for Stiklene er i hovudsak og ope, ugjødsla og klausulert som drikkevatn, men noko tilgrodd med einer og buskfuru. Verdien bør avklarast, og arealet er ikkje med i denne omgangen. Store, lågtliggende, lausmasserike heiareal med uvanleg stort innslag av tørrheiar, purpuryngheiar, ofte utrerike, og myr, frå fattig til ekstremrik. Innslaget av raudlisteartar er og uvanleg stort, med purpuryng (nær trua), solblom (sårbar), bustsevaks og dverglin (begge sterkt trua). Særleg viktig område for hubro (sterkt trua), siste området med orrfugl på Karmøy. Serpentinberg fører til spesielle vegetasjonstypar, m.a. sig dominerte av brunskjene (nær trua). Delar av området er i aktiv bruk med lyngbrenning og beiting med sau og storfe. Andre delar er ute av bruk. Der er gitt store tilskot frå Direktoratet for naturforvaltning til inngjerding av eit stort område sør for Burmavegen , dette arbeidet er i gang.

2. Ognahelia (nord og sør)

Søre del av det største kartlagte kystlyngheimrådet i landet, omtalt som "[Lakssvelafjellet](#)" og "[Ognadalen-Hellvik](#)" i Naturbasen. Fagunderlag-HPK vurderer det som aktuelt å velja ut delar av dette store området som referanseområde. I nesten heile den nordre delen er det planlagt vindkraftverk. Store lågtliggende areal med anertositt-berggrunn og utlauparar ut mot kysten og Jærstrendene. Fuktheiar dominerer, dels tidlegare utslåttar med mykje blåtopp. Viktig område for klokkesøte (sårbar) og hubro (sterkt trua). I sørhellinger finst nokre stader vindsliten eikeskog, både rik (Smøråsen) og gammal (Raballia naturreservat). Delar av området er beita med sau og ungdyr, andre delar er for lite beita. Det er laga tre skjøtselsplanar innan området. Den korte avstanden til

dei viktige sanddyneområda i Ogna –Brusandområdet og våtmark i Bjårvatnet kan gjera området særleg verdifullt for mange artar.

3. Søre Eigerøy

Referanseområde i fagunderlaget-HPK. Typisk anortosithei der anortosittplanet nærmar seg havflata slik art kysten ikkje er bratt. Dominert av fukthei med klokkesøte (sårbar) , men også med fattigmyr og tørr røsslynghei. Bustsmyle (sårbar) ved tjørn. Offentleg friluftsområde i søraust, elles ein del hytter med veg. Det meste er velskjøtta med utegangarsau, kvit sau og storfe. Det er i 2012 laga skjøtselsplan og gitt tilskot til å utvida det inngjerda og skjøtta arealet vesentleg.

4. Sokndal-sør

Typisk anortosithei sør for Jøssingfjord mellom RV44 og sjøen. Omfattar området [Regsheia Sandheia ved Stora Mjelkevatnet](#) i Naturbasen. Anortosittplanet ligg på rundt 200 m. slik at det blir ein bratt, urørt kyst mot ope hav. Fukthei rik på klokkesøte dominerer, medan open anortosittgrus og tørrhei med skogfiol skaper variasjon. Viktig område for hubro. Noko bjørkepionerskog og restar av gammalskog (Målsjuvet naturreservat). Solblom og den sterkt sørlege arten firtann finst i heia, kanskje i tidlegare utmarksslåtter. Nedlagde gardar , Reg og Mål, med engsamfunn, på Reg er engskjøtselen teken opp frå 2010. Det er i 2012 laga skjøtselsplan og gitt tilskot til inngjerding for den nordre delen på Dydland, skjøtselsplan på Regheia er under arbeidning. Det er også gitt tilskot til å halda utegangarsau på Mål.

Andre område

Fagunderlaget –HPK nemner **Synesvarden landskapsvernombjørg** som eit aktuelt referanseområde. Det er stor interesse for å beita her, og statusen som verneområde bør vera tilstrekkeleg for å sikra kvalitet på skjøtsel , overvakning og anna forvaltning. Det er derfor ikkje teke med handlingsplanen. **Førland-Slethei landskapsvernombjørg** som truleg er representativt for dei indre heiane i Dalane og Vest-Agder, har og ein tilfredsstillande status gjennom vern, aktiv skjøtsel og ein særleg tilskotssat i RMP. Kystlyngheiene på Rennesøy har og ei god oppføljing og finansiering som **utvald kulturlandskap i jordbruket/RMP** og skjøtselsplanar med avtalar.

Arealomfang . Areal og markslag frå ARS i dei fire utvalde kystlyngheiombjørga, to av dei med to delområde. Teljande beiteareal er summen av open fastmark og myr. Bart fjell og ope vatn er ein vesentleg del av totalarealet i nokre område.

	totalareal	Open fastmark	Myr	Teljande beiteareal	Skog
Sør-Karmøy-sør/vest(1)	5 771	4 271	634	4 905	0
Sør-Karmøy-Nord (1)	7 945	6 384	518	6 902	11
Søre Eigerøy (3)	7 942	6 433	234	6 667	15
Sokndal-sør (4)	8 364	4 097	14	4 111	119
Ognaheia sør (2)	14 187	9 499	844	10 343	98
Ognaheia nord (2)	14 187	9 626	906	10 532	261
Sum	58 396	40 310	3 150	43 460	504

Utvalde områdei Handlingsplan for kystlynghei

